



Så mange møtte fram i Hobbyklubben før jul i fjor, då refleksbruk var i fokus. Kor mange kjem det i år?

**Mandag 31. august klokka 19 startar Hobbyklubben ein ny sesong i Bedehuset og leiar Tore Mathiesen er optimist med omsyn til frammøtet. Sist sesong var rundt rekna 40 innom dei ymse aktivitetane i klubben. Klubben er frå femte klasse og har ingen øvre aldersgrense. Eit unnatak er fotogruppa, der dei startar frå åttande klasse.**

Denne sesongen står modellbil, avis, foto, hobby og mat på programmet.

Som tidlegare er det Rune Hjørnevåg som tek seg av bilgruppa medan Britt Torill Mathiesen og Ola Matti Mathisen skal leia arbeidet i avisgruppa- Her er det første målet å laga julenummeret av Uskedalsposten.

Hobbygruppa blir leia av Oddbjørg Heimark og Jon Harald Kjærland og dei vil halda fram med ymse aktivitetar, til dømes måling av masker og t-skjortar og knivproduksjon.

Det blir også ei spesiell matgruppe som dei to skal stå for.

I fjor vart det lansert ei ny fotogruppe med stor suksess, og og ho held naturleg nok fram - med Hans Ordin Østebø og Ivar Langeland som leiarar.

Gruppa får også utvida tid med ein halv time fram til klokka 21 fordi det er mykje som skal lærast.

# Hobbyklubben i Uskedalen

**Hobbyklubben starter opp:**

**Mandag 31. august**

**Kl. 19.00**

**Bedehuset i Uskedalen**

**Aldersgrense fra 5. klasse**



**Aktiviteter:**

**Modellbilgruppe**

**Avisgruppe**

**Fotogruppe**

**Hobbygruppe**

**Matgruppe**

